

### Rett informasjon i bestilling

Det er viktig at det blir lagt inn riktig informasjon i bestilling frå rekvirent; rett adresse og telefonnummer. Ein må ikkje legge inn sensitiv informasjon i merknad til Pasientreiser eller sjåfør.

Må ein informere om dette, ta heller kontakt med Pasientreiser eller skriv td."må følgast" el.

### Informasjon om dekning av reiseutgifter til kurs/opplæring

for pårørende etter pasientreiseforskriften § 19 d.

#### Kva kurs og opplæring gir rett til dekning av reiseutgifter:

Kurset/opplæringa må være eigna til å gi den pårørende ny eller betre kunnskap/ferdigheit til å ta vare på pasienten i framtida. Den nye kunnskapen må være av medisinsk eller behandlingmessig karakter og være nødvendig for å kunne ta vare på pasienten i framtida.

Pasientreiseforskriften omfattar pårørende som er ektefelle, sambuar, barn, barnebarn, foreldre, besteforeldre, svigerbarn, svigerforeldre og søsken, samt personar som høyrer til i same husstand. Den pårørende må være henvist eller innkalt til deltaking.

#### Kva kurs og opplæring gir ikkje rett til dekning av reiseutgifter:

Kurs/opplæring for å ivareta den pårørende sjølv, vert ikkje dekt etter pasientreiseforskriften. Dersom den pårørende har behov for helsehjelp bør den henvisast til vurdering av rett til helsehjelp som pasient.



### Pasientar med transportbehov, som ikkje oppheld seg på folkeregistrert adresse

Vi har eit «sørge for ansvar», men i utgangspunktet skal alle som ikkje er på folkeregistrert adresse eller midlertidig opphaldsstad på grunn av arbeid, studiar, militærtjeneste og opphald på institusjon legge ut for reisa sjølv til og frå behandling. Pasienten kan søke refusjon i etterkant, men det er då viktig at pasienten då legg ved dokumentasjon på behov for øyeblikkeleg

hjelp.

Ved uventa behov for helsehjelp må vilkåra i Pasientreiseforskrifta §20 tredje ledd vere oppfylt. Dette kan vere vanskeleg og tidkrevjande å rekne ut i ein travel kvardag.

Ber du pasienten legge ut for reisa sjølv, sikrar du at pasientane blir behandla likt og får det dei har krav på etter gjeldande regelverk. Det er ikkje noko i Pasientreiser sitt regelverk som seier at turen skal vere førehandsbetalt. **Hugs at i dei fleste tilfelle har pasienten ei reiseforsikring.**



### Ønskje om bestemt sjåfør

Når det blir lagt inn ønskje om bestemt sjåfør i ei bestilling frå behandlar, vert det ikkje tatt til følgje og vert sletta av Pasientreiser om det vert oppdaga.



### Sjåførar

Viktig at alle sjåførar melder seg til Pasientreiser på tlf. 915 05515, når dei kjem til sjukehusa på Eid og Lærdal. Dette for å sikre ev. andre oppdrag i ventetida eller nye oppdrag på retur. Dette er godt innarbeidd i



### Rullestolbil

Når det vert rekvirert RB-bil, må pasienten ha ein rullestol som er **godkjend for å sitte i under transport**. Dette grunna sikkerheit.

*Ved slike forespørslar kan ein gje følgjande tilbakemelding til behandlar; «Pasienten kan velge den sjåføren han ønskjer, men må då bestille og dekke reisa si sjølv».*

Førde, men ikkje på Eid og Lærdal.

[Trykk her for pdf-versjon](#)

tlf: 915 05515 | [pasientreiser@helse-forde.no](mailto:pasientreiser@helse-forde.no)